

Revidert 2017

Eit utvalt kulturlandskap

Forvaltningsplan for Vest-Lista



Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder

Vest-Agder fylkeskommune

Farsund kommune

Stemming

Vakkert vidsyn frå klosterhage,
Saga segn i mosegrodd stein.
Vakkert vidsyn fra klosterhage
i ly av kratt og vindblåst grein.

Vakkert vidsyn frå klosterhage.
Gjemte minner frå ukjent tid.
Klinger klokker i klosterhage,
kaller varsomt til messetid.

Vakkert vidsyn fra klosterhage,
storslått syn mot opprørt hav.
Spinkel gladsang mot dødens klage
danser med i det ville kav.

Vakker tanke i klosterhage –
vart må verges i vage vår,
spede spire mot stormers skade
fram til sommer i livets år.

Vakkert hvile i klosterhage,
en grav av stein i det bratte brik.
Sol kan skinne i klosterhage,
blinke blankt og gjøre rik.

Vakkert vidsyn frå klosterhage
hvisker viten frå slekt til slekt.
Vakker glede at liv seg lage
og viser mål for den siste vekt.

Vakker fred i klosterhage
når vår livssol er på hell.
Ingen motgang og skjendsels plage
kan ta bort freden i denne kveld.

Rudjord, den 25/1-1993
Benedikte Rudjord

Benedikte har nok hentet inspirasjon til dette vakre diktet frå ei lita grasslette nedenfor garden Rudjord på Lista. Denne sletta ligger under Sjonefjellet, ned mot sjøen, og med utsikt over Listerfjorden og mot Snekkestø og mot Hidra på andre siden av fjorden. Stedet kalles ”Munkekjerka” fordi man mener her i gammel tid har vært et kloster.

John M. Nystedt

Forord

Januar 2008 gav dåverande Statens landbruksforvaltning, Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning på vegne av Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet alle fylke i oppdrag å velje ut 2-3 verdifulle kulturlandskap. Desse områda skulle vurderast for å gå inn i eit utval av 20 (seinare 22) nasjonalt spesielt verdifulle kulturlandskap som skulle dokumenterast og få ein særskilt forvaltning innan 2010.

Vest-Agder prioriterte Vest-Lista til dette utvalet. Dette er eit vakkert landskap med aktivt landbruk, store kulturhistoriske- og biologiske verdier og eit stort potensiale for formidling og næringsutvikling.

Dette er 4. revisjon av forvaltningsplanen. Den er tidlegare revidert i 2011 som følgje av grensereduksjon i nord mot Lista vindkraftverk og utviding i sør på Vere og Stave og i 2013 då det blei konkretisert mandat for arbeidsgruppa og forsøkt å danne eit grunneigarlag.

Kristiansand 10.01.2017

Tore Haugum
landbruksdirektør

Bilda på framside og bakside er tatt av Tor Kviljo
Dei andre bilda er tatt av Solveig Egeland, Pål Klevan og Ole Steffen Gusdal

Innhald

1. Innleiing og bakgrunn	6
1.1 Dialog med kommunen	6
1.2 Organisering	6
1.3 Dialog med grunneigarane	7
1.4 Ny områdeavgrensing i 2011	7
2. Presentasjon av Vest-Lista	
2.1. Geografisk avgrensing	8
2.2 Området i tal	8
2.3 Kulturhistoriske verdiar	9
2.4 Biologiske verdiar	13
2.5 Tidlegare kartleggingar og prosjekt	15
3. Kva gjer Vest-Lista til eit verdifullt kulturlandskap	
3.1. Kriterium	15
3.2 Heilskapleg landskap	15
3.3. Kontinuitet og tidsdjupne	16
3.4 Representativt eller særpreg	16
3.5 Formidlingsverdi	16
3.6 Bruksverdiar	17
4. Mål og strategiar	
4.1 Mål	18
4.2 Strategiar	18
5. Forankring i kommuneplanen	18
6. Tiltaksplanar for restaurering, skjøtsel og formidling	
6.1 Kartlegging og skjøtselplanar	19
6.2 Restaurering	19
6.3 Årleg skjøtsel og vedlikehald	21
6.4 Formidlingsplan m/ årleg tiltaksplan	21
7. Tilskott og vilkår for restaurering og skjøtsel av tiltak	21
8. Kostnadsoverslag og tilskott	
8.1 Restaurering – eingongskostnad	24
8.2 Årleg skjøtsel - årleg kostnad	24
9. Finansiering og årleg behov for midlar	25
10. Forvaltning og saksbehandling	25
Vedlegg:	
A. Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap.	
B. Søknadsskjema	
C. Mal for avtalar	
D. Formidlingsplan	

1. Innleiing og bakgrunn

Regjeringa har som mål at spesielt verdifulle kulturlandskap skal vera dokumentert og få ei særskilt forvaltning innan 2010.

Dåverande Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Miljøverndepartementet (MD) har gjennom Statens Landbruksforvaltning (SLF), Riksantikvaren (RA) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) bad i brev datert 21. 01.08 fylka peike ut 2-3 utvalte kulturlandskap i kvart fylke. Frå desse utvalte kulturlandskapa skulle SLF, RA og DN velje ut 20 områder, eit frå kvart fylke, som skal utgjere eit representativt utval av verdifulle kulturlandskap frå heile landet.

Grunnleggjande for utvalet skulle vera:

1. Det skal i størst mulig grad omfatte kulturlandskap med både svært store biologiske og kulturhistoriske verdiar.
2. Det skal vera realistisk å få til langsiktig skjøtsel og vedlikehald av områda.

Vidare skulle følgjande kriterium eller aspekt leggest til grunn for utvalet.

- Helhetlig landskap
- Kontinuitet og tidsdjupne
- Representativ eller særpreg
- Formidlingsverdi

Ei sentral føring for arbeidet med utvalte kulturlandskap var vidare at det skal bygge på frivillighet både frå kommunen og grunneigarane i området.

Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Vest-Agder prioriterte Vest-Lista på fyrsteplass blant utvalte kulturlandskap i fylket, og i brev datert 13.05.08 gav SLF tilbakemelding om at Vest-Lista er ein god kandidat som dei bad Vest-Agder arbeide vidare med.

1.1 Dialog med kommunen

I fasen med prioritering av særskilt verdifulle kulturlandskap i fylket blei Farsund kommune orientert om opplegget for nasjonalt utvalte kulturlandskap og at Vest-Lista var føreslått som Vest-Agder sin 1. prioritet. Det blei halde to møter 22.04.08 og 20. 06.08 2008 med jordbrukssjefen Aud Irene Vatland og kommuneplanleggar Johan Martin Mathiassen. Farsund kommune v/ Landbruksutvalet slutta seg til forslaget om å prioritere Vest-Lista som Vest-Agder sin kandidat i vedtak datert 18.06.08. I vedtaket blei det poengtert at vidare arbeid må bygge på frivillighet både frå kommunen og grunneigarane og at eit vilkår for særskilt forvaltning av området er at det blir tilført ressursar. Kommunestyret slutta seg til forslaget til forvaltningsplan for Vest-Lista i møte 09.12.2008.

1.2 Organisering

Alle grunneigarane blei gjennom brev og annonse invitert til informasjons- og drøftingsmøte den 27.08. 2008 og det møtte ca. 60 personar.

På møtet blei det vedtatt å oppretta ei arbeidsgruppe for det vidare arbeidet. Lista Bondelag (LB) og Farsund Bonde- og småbrukarlag (FBS) fekk i oppdrag å velje ein grunneigarrepresentant kvar frå det utvalte området. Då FBS ikkje har medlemmer innan

Utvalt kulturlandskap blei den eine grunneigarrepresentanten valt direkte frå grunneigarmøtet frå 2009.

På grunneigarmøtet 13.03.2013 blei det tilrådd følgjande om grunneigarlag og mandat for arbeidsgruppa:

Grunneigarlag i utvalt kulturlandskap, Vest-Lista

Det skal stiftast grunneigarlag for Utvalt Kulturlandskap frå og med 2013. Alle som eig eigedom i utvalt kulturlandskap kan vera medlem i grunneigarlaget.

På grunneigarmøtet 2015 var det ikkje interesse for danning av grunneigarlag, og inntil vidare blir derfor ein grunneigar-representant til arbeidsgruppa valt direkte på grunneigarmøtet.

Arbeidsgruppa i 2016 er:

Reinert Kjølleberg, Lista og Lyngdal Bondelag
Øystein Gilja, bonde og grunneigar-representant
Aud Irene Vatland, Farsund kommune
Hans Christian Lund, Vest-Agder Fylkeskommune
Pål Klevan, Fylkesmannen i Vest-Agder, Miljøvernavinga
Per Christian Burhol, Vest-Agder museet, Lista
Ole Steffen Gusdal, prosjektleiar, Fylkesmannen i Vest-Agder, Landbruksavdelinga

Mandat og samansetting for arbeidsgruppa

Mandatet for arbeidsgruppa er å utarbeide forvaltningsplan, formidlingsplan, ulike tiltaksplanar og ha eit pådrivaransvar for framdrift i forhold til planar og tiltak. Arbeidsgruppa er vidare rådgivande for Fylkesmannen ved prioritering og tildeling av investerings- og driftsmidar. Grunneigarrepresentantane deltar ikkje i prioriteringa i dei tilfelle dei sjølv søker midlar.

I arbeidsgruppa skal det vera 2 grunneigarrepresentantar. Den eine valt av styret i Lista og Lyngdal Bondelag og den andre valt direkte på grunneigarmøtet eller frå grunneigarlaget. Grunneigarrepresentantane er valt for 3 år om gongen. Representanten frå Lista bondelag er på val i 2017, og representanten valt av grunneigarmøtet i 2019.

1.3 Dialog med grunneigarane før val av Vest-Lista som utvalt kulturlandskap

Det blei arrangert 2 grunneigarmøter; eit den 27.08.08 og eit den 30.10.08. Mellom desse møta hadde prosjektleiaren kontakt med mange grunneigarar som har landbrukseigedom for å få synspunkt på tiltak som er føreslått av arbeidsgruppa og sanke inn nye idear til tiltak. I det siste møtet gav grunneigarane sin tilslutning til at Vest-Lista skulle sendast inn som kandidat til å bli valt ut som nasjonalt utvalt kulturlandskap.

1.4 Ny områdeavgrensing i 2011

Som følgje av grensereduksjonen i nord mot plangrensa for Lista vindkraftverk bad LMD i brev datert 05.09.09 arbeidsgruppa for utvalt kulturlandskap Vest-Lista å vurdere ei utviding av utvalt kulturlandskap mot sør. Etter prosess i arbeidsgruppa og dialog med grunneigarane i møte 28.10.10 og i brev datert 09.12.10 sendte Fylkesmannen i Vest-Agder 15.03.11 ei tilråding til det nasjonale sekretariatet v/ Statens landbruksforvaltning om å ta inn føreslått område mot sør.

Grunneigarane, som representerte 96% av det utvida arealet, hadde då gitt si tilslutning til å ta inn området i det utvalte kulturlandskapet. Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet godkjente utviding og dei nye grensene for utvalt kulturlandskap Vest-Lista i brev datert 30.06.11.

2. Presentasjon av Vest-Lista

2.1 Geografisk avgrensing

Geografisk avgrensing har vore eit sentralt spørsmål for arbeidsgruppa. I utgangspunktet var det ønskeleg å velje eit større område, men på grunn av avsette ressursar i form av tid og økonomiske midlar har arbeidsgruppa valt ut gardane Rudjord, Senneger, Håle, Jølle, Kjølleberg, Penne, Nordberg, Skeibrok og Hervoll som utvalt kulturlandskap.

Ved utvidinga i 2011 blei delar av gardane Vere og Stave med i det utvalt kulturlandskapet.



2.2 Området i tal

Areal

Det utvalte området omfattar totalt 6 774 dekar. Dette arealet fordelar seg på følgjande arealtypar:

Fulldyrka jord	880 dekar
Overflatedyrka jord	104 ”
Innmarksbeite	1194 ”
Utmark og skog	<u>4 596 ”</u>
Sum	<u>6 774 dekar</u>

Landbrukseigedommar

I området er det 55 landbrukseigedommar. På 13 av desse er det aktiv drift i slikt omfang at det blir søkt produksjonstilskott. Jordbruksareala på bruk utan eiga drift blir stort sett leigd ut. I tillegg til dei 13 med aktiv landbruksdrift innanfor området, er det 8-9 stk. utanfor området som leiger jord.

Bustad og fritidstomter.

I området er det 67 bustad- eller fritidstomter.

2.3 Kulturhistoriske verdiar

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knytar seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Vidare er kulturmiljø områder kor kulturminne går inn som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Landskap er så heilskapen kultur- og naturmiljøa inngår i. Vest-Lista er rikt på slike kulturhistoriske verdiar.

Fornminne

Ifølge den kulturhistoriske vegvisaren ”På tur i Listalandskapet” (Egeland, s 2005)) vitnar stadnamn, gravminne og helleristningar om at Lista er eit av Norges eldste jordbrukslandskap med røter tilbake til yngre steinalder (2300-1800 år f. Kr) og den eldste bronsealder (ca. 1800-1000 år f. Kr.). Stadnamna Penne, Stave, Vere og Jølle høyrer til våre eldste namnetypar.

Helleristningar

Lista har stor rikdom av helleristningar (Egeland s. 2005)). Av ca. 1100 stader med helleristningar i landet er ca. 100 stader på Lista. På det nakne Jærberget i Pennemarka ligger ristningar av 22 skip side om side med bortimot 70 skålgroper. Dette er jordbruksristningar som stammar frå bronsealderen. Typisk for jordbruksristingane er at dei symboliserar ting som husdyr, plogar og skip. Veideristningar frå steinalderen, som ofte hadde motiv frå ulike dyr, fisk og båt, er ikkje registrert i området.



Pikksteinar

I området finn me to pikksteinar, ein på Nordberg og ein på Sausebakk. Ein reknar med at pikksteinane og skålgropene er eit uttrykk for ein fruktbarhetskultur der ein feira og dyrka livet i alle sine former (Egeland S. 2005). Skulle ein sikre slekta si overleving måtte både jord og menneske vera fruktbare.

Gravminne

Samtidig som ein del av fruktbarhetskulturen vaks det fram ein rik og prangande gravskikk. På Vest-Lista finns to typar gravminne frå bronsealderen og jernalderen, gravhaugane og gravrøysene. Gravhaugar finns på fleire av gardane. Dette er jordhaugar ofte nær gardstunet og lett synleg frå landskapet rundt. På Skeibrok og på Trihaugodden er det gravrøysar frå bronse- og jernalderen. Desse skil seg frå gravhaugane ved at dei er store, bygd opp av utelukkande stein og ligg eksponert mot havet og omlandet relativt langt frå dei forhistoriske gardane.



Skeibrokkørøysa



Vanen på Sausebakk

Bygdeborg

På Borgåsen sør av Rudjord finn me restar av ei bygdeborg frå folkevandringstida (400 -570 år e. Kr.). Ein reknar med at bygdeborgene er dei første organiserte forsvarsverk i landet.

Sedefiske

I området er det fleire plasser som er nytta til sedefiske. På slike plasser finn me ofte groper i fjellet kor skjell og liknande er knust til agn. Sedefiske er det eldste stangfiske frå land ein kjenner til. Billedhoggar Mathias Skeibrok var ein ivrig sedefiskar på Sedberget.

Taresanking

Tang og taresanking var ein viktig ressurs på Vest-Lista i over 1000 år. Dei blei brukt både som gjødsel og dyrefôr. Tare-namn som sauetang, grisetang og butang vitnar om dette. Omkring 1870 blei det oppdaga at tare var det billigaste råstoffet ein kunne framstille jord frå, og då begynte bøndene med tarebrenning og sal av tareaske. Langs strendene finns det spor etter denne tida i form av tarevegar, tørkeplassar og bålplassar.

Måkestiller

I utvalt kulturlandskap finns fleire måkestiller. Dette er omtrent meterhøge steinmurar som er forma som ein rund eller avlang sylinder med inngang frå sida. Måkestillene tente som skjul for skyttarane under måkejakt etter at skytevåpen blei tatt i bruk.

Busetting og bygningar

Hustufter

Frå bronse- og steinalder finn me fleire hustufter (Egeland S. 2005). Nedanfor Jærberget i Pennemarka er tydelege spor etter hustuft som forsøksvis er datert til folkevandringstida (400-800 e. Kr.), men som gjerne kan vera eldre.

Klyngetun

Bygningane er ein viktig del av kulturlandskapet. På Vest-Lista er gardane organisert på same måte som i middelalderen (1030-1537) og kanskje enda lenger tilbake i tid (Egeland S 2005). På Jølle og Rudjord er bruka organisert i klyngetun. Dvs. at bygningane både innhus og uthus til fleire familiar er organisert i ei klynge. Rundt klyngetunet ligg innmarka som er delt inn i teigar for det enkelte bruk, og eit utmarksgjerde skil innmarka frå utmarka. Gjennom innmarka er det enno fleire døme på steinsatte buveggar som fører gjennom innmark til utmark. På Penne er det opphavlege klyngetunet splitta ved at bruk er flytta ut i samband med jordskifte på midten av 1800-talet.

Langhus

Eit anna særpreg på Lista er alle langhusa. Desse er karakterisert ved at uthus og innhus er bygd saman til eit langhus (Egeland S. 2005). Dette er ein byggeskikk som har røtter tilbake i jernalderen (500 f. Kr.-1030 e. Kr.) Ingen stader i landet finn me så mange langhus konsentrert som på Lista. Pennehuset representerar det mest typiske langhuset på Lista. Innhuset har romdeling som eit vanleg sørlandsk midtganghus.



Steingjerder, bakkemurar og rydningsrøyser

Eit kulturlandskapselement som set sit særpreg på Vest-Lista er utallige steingjerder, bakkemurar og rydningsrøyser. Dette er minner frå ein lang tidsperiode etter kvart som nytt land blei dyrka og gardane blei delt opp i fleire bruk. Eldst er steingarden som skil den opphavlege innmarka frå utmarka og så er nye steingardar kome til etter kvart som det var behov for jord og reiskapane for dyrking av jord og handtering av stein blei betre. Dei fleste av desse steingardane er frå 1800-talet.



Hervoll møller

På Hervoll var det i mange år ei bygdemølle og ikkje mindre enn 13 kvernar (Egeland S. 2005). I dag er det 3 igjen. Lista-museumet eig 2 av desse som er restaurert, og ei er i privat eige og er ikkje restaurert. Bygdemøllene var i bruk like fram til 1964. Tidlegare var det og kvernar både i Skeibrokbekken og Rudjordbekken. På Rudjord står enno ei kvern att. Det er ukjent når dei fyrste kvernane blei bygd, men rettar omkring vasskvernar blei tatt inn i Magnus Lagabøter si bylov i 1270 (Gald R. 2003).



Jordkjellarar og smie

I området finns mange jordkjellarar frå den tida då det ikkje var vanleg å ha kjellar under husa. Jordkjellaren var eit vel eigna stad til å lagre poteter, rotvekstar og andre matvarer som ikkje tålte frost. Likeeins var dei nyttige om sommaren for å oppbevare matvarer som skulle oppbevarast kaldt. På Nordberg står ei godt bevart smie frå den tida då smedarbeid var viktig i landbruket.

Kjune/ badstu

Ved støtta til Mathias Skeibrok står ein jordkjellar som skal vera brukt som kjune. Det vil seia den er brukt til tørkehus for korn med meir.

Kjente personar


Billedhoggar Mathias Skeibrok (1851-1896) frå Skeibrok er kjent som ein av dei store norske billedhoggarane gjennom tidene. Han er også kjent for å vera ein framifrå skrøneforteljar og han skreiv bøkene "Sannferdige skrøner". Mathias var god venn med Abraham Berge (1851-1936) frå Lyngdal. Berge busette seg på Nordberg og var lærar der før han blei valt inn på Stortinget for Venstre i 1892. Han var finansminister i Christian Michelsen si regjering 1906-1908, kyrkjeminister i Jørgen Løvland si regjering 1907-1908, finansminister i Wollert Konows si regjering 1910-1912 og i Otto Bahr Halvorsen si regjering 1923. Då Otto Bahr Halvorsen døde, blei Abraham Berge statsminister i 1923-1924. Abraham Berge er også kjent for sitt lokalhistoriske forfatterskap og skreiv bygdeboka for Lista i 1926. Denne blei gitt ut på ny i 2006.

Nordberg Fort

Eit spesielt kulturminne på Vest-Lista er Nordberg Fort. Dette er eit av Nordens best bevarte tyske kystfort frå 2. verdskrig som i dag er freda som kulturminne. Det er Vest-Agder Fylkeskommune som i dag eig fortet.

Lista museum

Museuret har sin administrasjon på Nordberg Fort, her er og eit nytt og flott publikums- og formildingsbygg. Museet spelar ei sentral rolle i formidling av kunnskap og opplevingar i det unike kulturlandskapet på Vest-Lista.



Det er tett med kulturminner på Vest-Lista

2.4 Biologiske verdier

Ein reknar med at jordbrukskulturen på Vest-Lista byrja for ca. 5-6000 år sidan (Egeland S. 2005). Dette sette i aukande grad sitt preg på landskapet ved at det blei hogd, rydda, lauva og brent. Me fekk etter kvart skilje mellom innmark og utmark der utmarka, via sanking av for og husdyrhald, var grunnlaget for gjødsling og fruktbart åkerbruk på innmark.

Dette tradisjonelle landbruket gav nye vilkår for flora og fauna og har gjennom tidene påverka både vegetasjon og landskapet. I dag er mykje av det biologiske mangfaldet frå det tradisjonelle landbruket trua ved at vilkåra for det moderne landbruket og samfunnet elles har endra seg.

På Vest-Lista finn me enno rester av kulturmarkstypar frå det tradisjonelle landbruket.

Kystlyngheiane

Ein reknar med at Lista var skogkledd i eldre steinalder (9-4000 år f. Kr.) Avskoginga var ein viktig del av jordbrukskulturen (Egeland S. 2005). Skog blei erstatta av lyng som blei ein viktig ressurs i utmarka som beite og for til husdyra. Denne driftsforma gav gjennom langvarig bruk grunnlaget for ein eigen menneskeskapt vegetasjonstype, kystlynghei. I dag er kystlyngheia dei fleste stader på Lista borte, men på Vest-Lista, på skrinn bakkete jord, har denne driftsforma halde fram like til i dag.



Artsrik slått- og beitemark

Penne-Jærbergsletta-Kjelnes-Snekkestø utgjer til saman eit stort og svært variert kulturlandskap både med tradisjonell slåttemark, beitemark og lyngmark. I området finns innslag av sjeldne arter til dels store bestand av m.a. klokkesøte. Den eine Pennegarden er i dag eigd av Miljøverndepartementet.

Listastrendene landskapsområde

Heile kyststrekninga inngår i Listastrendenes landskapsområde. På Vere finns eit plantefredningsområde kor ein t.d. finn ein av dei få førekomstane av kjempehøymol i Norge. Vidare finns store bestand av nikkebrønslé, vasskryp og andre raudlisteartar i landskapsvernområdet. Verneområda er også viktige som trekk-, overvintrings- og hekkeområde for fugl.

Tarevollar


Listahalvøya er eit av dei viktigaste trekkområda for mange fugleartar både under vår- og hausttrekket. For nokre artar er det siste stoppestad om hausten før dei kryssar Nordsjøen på veg til overvintringsområda lenger sør, for andre er det første stopp på trekket nordover om våren. I desse trekkperiodane er stader med tarevollar dei viktigaste rasteplassane for vade- og spurvefuglar. På trekket kan fleire hundre, av og til tusen, vitja desse områda. Stær, sandlo, myrsnipe, tjeld og vipe er nokre av artane ein kan finne her. Blaut og rotande tare gjev næring både for planter, insekt og krepssdyr og vert da eit enormt matfat for ei rekke fugleartar.



Fig. Tareførekommstane nord for Stavestø er viktige som beiteområde for vadefugl. Foto: Pål Klevan

Jøllebekken

Jøllebekken er ca. 3,5 km lang gytebekk og møllebekk. Tidlegare har det her vore 14 møller, og bekken har vore stemnt opp ved Heimarstemmen, Midtstemmen og Tomstadtjønna. To møller er restaurert og ei tredje kan restaurerast. Det har alltid vore aure i bekken, sjølv i periodar då auren forsvann frå mange vassdrag på grunn av sur nedbør.



2.5 Tidlegare kartleggingar og prosjekt

Området er i ”Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, 1992-1994” omtalt som eit område av nasjonal verdi rikt på både kulturhistoriske og biologiske verdiar.

Det er tidlegare gjennomført to prosjekt i området. Lista-prosjektet 1991-1995 som var ein del av eit forsøksprosjekt for samordna bruk av virkemidlar i kulturlandskapet i regi av Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet.

I 2003-2005 blei det vidare gjennomført eit prosjekt som fekk namnet ”Listalandskapet”. Det er viktig at prosjekt utvalt kulturlandskap bygger vidare på det arbeidet som er gjort i dei tidlegare prosjekta.

3. Kva gjer Vest-Lista til eit verdifullt kulturlandskap

3.1 Kriteri

For å verdsette kulturlandskap er det utarbeidd ulike kriteri/ verktøy som samla sett skal gi grunnlag for å klassifisering og prioritering av det enkelte kulturlandskap. Slike kriteri er ofte ikkje objektive og nøyaktige. Dei kan bli forstått ulikt og vil ofte spegle den enkelte sitt verdisyn. Her har ein brukt dei kriteri om er nemnt i oppdragsbrevet frå SLF.

3.2 Heilskapleg landskap

For å vurdere om utvalt kulturlandskap dannar eit heilskapleg landskap, er det vanleg å vurdere om følgjande samanhengar i landskapet er tilstades.

Biologiske og kulturhistoriske verdiar

Som nemnt under presentasjon av Vest-Lista har området både store kulturhistoriske og biologiske verdiar, men der dei kulturhistoriske verdiane er særleg store. Dei enkelte kulturminna og kulturlandskapselementa inngår i større kulturmiljø og landskap som gir større samanheng og forståing av dei kulturhistoriske verdiane. Når det gjeld dei biologiske verdiane, er det behov for nærmare undersøkingar.

Gode funksjonelle samanhengar

Den gamle gardsskipnaden med klyngetun, innmark og utmark gir god kunnskap og oppleving av næringstilpassing og leveforhold i tidlegare tider.

Lite tekniske inngrep eller sterkt intensivt landbruk

Området står fram som eit godt ivaretatt jordbrukslandskap. Det er lite forstyrrende tekniske inngrep som større vegnett, kraftliner osv. Bygging av Lista vindkraftverk har endra dette noko, og vindkraftverket var også årsak til at areal i nord blei tatt ut av området for utvalt kulturlandskap. Sjå pkt.1.4.

Sjølv om innmarka dvs. den dyrka marka og innmarksbeite er relativt intensivt drive, fins det fortsatt ugjødsla slåtte- og beitemarker og skjøtta kystlynghei. Området har noko attgroing og tilplanting med sitkagran på marginale områder på Rudjord, Hervoll og Skeibrok.

Romleg og visuell heilskap

I tillegg til forhold som allereie er nemnt har området ein naturleg romleg avgrensing som gir ein stor visuell oppleving av estetikk og landskapsbilde.

Sumerar ein opp dei ulike samanhengar meiner me at Vest-Lista oppfyller kriteriet heilskapleg landskap på ein god måte. Heilskapen kan sikrast og gjerast betre med tiltak som er nemnt i kapitel 6.

3.3 Kontinuitet og tidsdjupne

På Vest-Lista har det vore kontinuerlig jordbruksdrift i over 6000 år og sjølv om innmarka i dag hovudsakleg har moderne drift med pløying, kunstgjødsel m.m., er delar av området i tradisjonell drift med til dømes lyngbrenning.

Jordbruksdrifta har sett mange kulturspor i landskapet frå ulike tidsperiodar som til dømes helleristningane, gravminna, klyngetuna, langhusa, steingardar, rydningsrøyser m.m.

3.4 Representativt eller særpreg.

Vest-Lista har landskapsstruktur, busettingsmønster, bygningar, driftsformer og kulturmarkstypar som er representative for Listalandskapet, men området er og i Listasamanheng eit særprega landskap med alle sine kulturlandskapselement av stein.

Sjølv om me på Vest-Lista finn mange element som var typisk for det tradisjonelle jordbruket i Vest-Agder, kan me ikkje seia det er eit representativt landskap for Vest-Agder.



3.5 Formidlingsverdi

Kunnskapsverdiar

Dei kulturhistoriske og biologiske verdiane i området har mykje å fortelja om tru og hendingar i førhistorisk tid, driftsformer i landbruket og byggeskikk. Dette kan vera ein kunnskapsbank for nye problemstillingar og utfordringar i vår tid.

Døme i denne samanhengen er mange. Helleristningane, gravminna og gravfunn, pikksteinane, skålgropene er ei forteljning om tru og korleis folk i førhistorisk tid til uttrykte seg med omsyn til liv og død.

Klyngetuna, utmarksgjerda, buvegane og lyngheiane fortel om det tradisjonelle jordbruket. Eit produksjonssystem der utmarka blei utnytta til beiting og fôr-sanking og innmarka blei gjødsla opp med tilførsle av næring frå utmarka. Som følge av produksjonssystemet fekk me både i innmark og utmark fleire menneskepåverka vegetasjonstypar. Kvar vegetasjonstype med sitt spesielle artsmangfald.

Det tradisjonelle produksjonssystemet er mykje borte i det moderne, industrielle landbruket der fôr og næring frå utmarka er erstatta med innkjøpte innsatsvarer som kunstgjødsel, energi og maskinar.

Kunnskap om desse to produksjons-systema innanfor landbruket, kan vera viktig for nyskaping og tilpassing til nye produksjonssystem i framtida. Klyngetuna og dei ulike husa si plassering fortel om byggeskikk som har vakse fram i samspel med klimatiske tilhøve, korleis arbeidet var organisert og lokale tradisjonar. Ser me nærmare på det enkelte huset kan me sjå endringar i arkitektur, materialval og handverk.

Kvernhusa fortel vidare om vegen til kornet frå åker til brød. I det heile fortel dei kulturhistoriske verdiane om korleis folk levde tidlegare og har såleis stor sosialhistorisk verdi.

Opplevingsverdiar

Vest-Lista kan gi opplevingar på mange vis. Ser me inn i området ser me eit vakkert landskap der kulturlandskapet, havet og himmelen dominerar. Går me inn i landskapet ser me enkeltelement og detaljer som til dømes bygningar og steingardar som og er vakre eller spesielle. Det reint estetiske saman med kunnskapar om kva samanheng dei enkelte element fortel om, kan skape ein god følelse av tilhøre, identitet og undring. Vest-Lista kan på denne måten gjera det mulig å sjå oss sjølv i ein historisk samanheng og oppleve det kulturelle mangfaldet i tid og rom og bidra til trivsel og glede.

3.6 Bruksverdiar

Vest-Lista har eit stort potensiale med omsyn til bruksverdiar; både økonomiske bruksverdiar og som eit attraktivt område for opplevingar.

Fortsatt landbruk både moderne og tradisjonell landbruksdrift, vil vera fundamentet i framtida. Tilskottsordningar og andre positive verkemidlar må nyttast slik at det å ta vare på tradisjonelle driftsformer og kulturminne blir naturlege økonomiske val for landbruksnæringa i området.

Vest-Lista er eit attraktivt område for gardsturisme og turistar, og som eit av dei 22 nasjonale ”utstillingsvindauga” for verdifulle kulturlandskap kan dette utnyttast mykje meir. Kombinert med andre kultur- og store naturverdiar på Lista er her eit stort potensiale for utbygging av reiselivsnæringa.

Generelt bidrar Vest-Lista til at Farsund kommune er ein attraktiv kommune som det er triveleg å bu i og besøke. Her er store opplevings- og formidlingsverdiar både for dei fastbuande og turistar.

4. Mål og strategiar

4.1 Mål

Hovudmål

- Ta vare på og utvikle heilheten i landskapet som sikrar området sitt særpreg, stimulere til aktivt landbruk og har betydning for folks tilhørighet og trivsel

Delmål

- Sikre at verdifulle kulturmarkstypar, kulturlandskapselement og kulturmiljø blir tatt vare på og skjøtta
- Synleggjere og formidle verdiane i kulturlandskapet

4.2 Strategiar

- Forankre omsyn til kulturlandskapet i det utvalte området i kommuneplanen
- Utarbeide tiltaksplanar for restaurering, skjøtsel og formidling
- Utvikle tilskottsordningar som sikrar restaurering, skjøtsel og formidling av prioriterte tiltak.
- Inngå avtalar med grunneigarar m.fl. om prioriterte tiltak
- Synleggjere utvalt kulturlandskap som eit viktig element i satsing på reiseliv

5. Forankring i kommuneplanen

Utvalt kulturlandskap på Vest-Lista er i gjeldande kommuneplan eit landbruks-natur- og friluftsområde. Kommunen held på med kommunedelplan (arealplan) for Farsund-Lista. Ved rullering av kommuneplanen vil arbeidsgruppa tilrå at området blir forankra i kommuneplanen på følgjande måte:

I kommuneplanen sin samfunnsdel:

Farsund kommune forvaltar fleire område med nasjonal og regional verneverdi. Arealforvaltninga skal først slik at den tar vare på kvalitetane i kulturlandskapet samtidig som ein får ei positiv utvikling av området generelt og i landbruket spesielt. Vest-Lista er vedtatt som eit av 22 utvalte kulturlandskap i landet. Dette er spesielt verdifulle kulturlandskap som har eigen forvaltningsplan. Forvaltningsplanen for Vest-Lista bør fylgjast opp i arealplan for Farsund-Lista.

I kommuneplanen sin arealdel:

Farsund kommune held på med planarbeid for kommunedelplan for Farsund-Lista. Utvalt kulturlandskap Vest-Lista blir i ny plan landbruks-, natur- og friluftsområde. I førre utgåve av forvaltningsplanen stod følgjande: *"Området bør visast som hensynssone utvalt kulturlandskap på kommuneplankartet. I hensynssoner kan det lagast bestemmelsar og retningsliner for området". Det kan til dømes lagast ei slik retningsline: Ved behandling av alle tiltak i området skal det tas særleg omsyn til kulturlandskapet. Ved denne vurderinga bør ein ta utgangspunkt i forvaltningsplanen for området".*

Kommunen har foreløpig valt å ikkje ha særskild «angitte hensynssoner» i kommunedelplanen for Farsund – Lista. Dei har ei rekke temakart som vedlegg til kommunedelplanen. Nasjonalt utvalt kulturlandskap går fram av temakart kulturlandskap.

6. Tiltaksplanar for restaurering, skjøtsel og formidling

Gjennom drøftingar i arbeidsgruppa og med enkeltpersonar har me kome fram til at viktige tiltak for å ta vare på særpreg og verdiar på Vest-Lista, er knytt til følgjande tiltak for kartlegging, restaurering, årleg skjøtsel og formidling:

6.1 Kartlegging og skjøtselplanar

Jølle- og Rudjordheia

Det er utarbeidet ein rapport 05.11.2011 med tittel «Botanisk undersøkelse av heieområda innan det utvalte kulturlandskapet» av Oddvar Pedersen, UIO.

På grunnlag av denne undersøkinga er det utarbeida ein skjøtelsplan for kystlynghei/naturbeitemark på Jølleheia av fylkesmannen v/Ole Steffen Gusdal og inngått avtale med grunneigaren.

Pennemarka.

Det er utarbeidd skjøtelsplan for Penneteigane i rapport datert 08.12.2008 av Bioforsk i samråd med brukarane av teigane.

Stave plantefredningsområde

Stave plantefredningsområde blei oppretta 28.08.1987 med eigen forskrift. Formålet med fredinga er å ta vare på ein rik og variert flora og kjempehøymol spesielt. Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder ved Miljøvernavdelinga fatta 04.05 2016 vedtak om inngjerding av eit område i Stavestranda for å bevare kjempehøymol, og det skal utarbeidast ein meir konkret skjøtelsplan i samråd med grunneigaren.

Alle skjøtselplanar skal evaluerast.

6.2 Restaurering

Ferdselsvegane

Ferdselsvegane er viktige for å oppleve landskapet og knyte kulturmiljøa saman. Derfor føreslår me å prioritere restaurering, merking og årleg vedlikehald av gamle ferdselsveggar og etablering av nye. Ferdselsveggar der det er aktuelt å etablere avtalar med grunneigarane er:

- Jøllestø – Sausebakk – Jærberg – Nordberg fort, ca. 2850 m
- Hervoll – Skeibrokrøysa ca. 200 m
- Hervoll – Lofjell – Borgåsen - Gråfjell – Rudjord, ca. 2900 m
- Snekkestø – Vondestien, ca. 600 m og Munkekyrkja-Vondestien, ca. 450 m
- Hervoll- Senegre ca. 1900 m



For stien mellom Nordberg-Jærberg-Sausebakk vil ein utgreie om det er mulig å få til universell utforming slik at den kan brukast av alle; av barn og gamle, funksjonshemma og ikkje funksjonshemma.

Jøllebekken

Jøllebekken er viktig både som gytebekk, møllebekk og generelt som vassdrag for avløp av vatn. Aktuelle tiltak her kan vera vedlikehald/ sikringstiltak av botn og sider, tiltak som fremmar gytetilhøva m.m.

Steingjerder, bakkemurar og rydningsrøyser

Steingjerda er kanskje det viktigaste kulturlandskapselementet på Vest-Lista. Å ta vare på og restaurere dei viktigaste av desse blir ei viktig oppgåve. Viktige steingjerder er dei gamle steingjerdene som skil innmark frå utmark, steinsette buvegar, steingjerda mellom bruka og gardane og steingjerde som er viktige kulturlandskapselement.

Det er fleire 10- tals km med steingjerde. Arbeidsgruppa har vurdert det som mest målretta og kostnadseffektivt å gi eingongstilskott til restaurering i staden for tilskott til årleg vedlikehald. Det må derfor settast av ein rund sum årleg til restaurering.



Attgroing av innmark og utmark

Sjølv om mykje av innmark og utmark er i bruk til slått og beite er fleire område grodd att med lauvtre og kratt. Slike område er m.a: Nord-aust av Snekkestø og Hestedalen på Rudjord, mellom Penne og Nordberg, delar av Skeibrokheia og frå Hervoll til Tomstadtjønna.

Totalt utgjer desse områda ca. 500 dekar. Desse områda er det sterkt ønskeleg å rydde og straks få inn beitedyr på. Det finns i tillegg andre mindre område med behov for rydding.



Tilplanta område

På sikt er det ønskeleg å fjerne all sitkagran innanfor det utvalte kulturlandskapet og tilbakeføre felta til beitemark. Sitkagrana er eit framandelement og det er eit stort problem at den no spreier seg ved sjølvsåing.

Områda som er tilplanta med sitkagran er: på Rudjord, Senegre, Hervoll, Kjølleberg, Nordberg fort og Skeibrokheia. Totalt areal som er tilplanta er ca. 350 dekar. Sitkagran er i ulike hogstklassar. Nokre felt er hogstmoden andre ikkje. Før utdriving av sitkagrana må det lagast ein plan for infrastrukturen. Eit strakstiltak bør vera å fjerne sitkagrana rundt Skeibrokrøysa slik at denne bronsealder-røysa tidleg blir eit sentralt kulturminne i det utvalte kulturlandskapet.



Kulturmiljøet Hervoll møller

Kulturmiljøet Hervoll møller er viktig og her er det behov for restaurering av ei mølle, ei korntørke, vassrenner og stemmen. Vidare må fjerning av ca. 5 dekar sitkagran i området prioriterast.



Bygningar

Aktuelle verneverdige bygningar i området som det er behov for tiltak på er eit langhus på Hervoll, eit våningshus og eit kvernhus på Rudjord, ei sjøbu på Jøllestø og fleire jordkjellarar.

Før



Etter (2016)



6.3 Årleg skjøtsel og vedlikehald

For følgjande tiltak er det behov for årleg skjøtsel og vedlikehald:

- Sviing og rydding i Rudjord-, Jølle-, Hervoll og Skeibrokkheia 3-4000 dekar
- Skjøtsel av artsrik slått og beitemark
- Vedlikehald av ferdselsvegane, 9600 lm.
- Gravfelt som Sausebakk m.fl.



6.4 Formidlingsplan

Eit viktig mål for utvalt kulturlandskap, Vest-Lista er å synleggjera og formidle verdiane i dette kulturlandskapet. Det er utarbeidd ein eigen plan for formidling (vedlegg D), og til denne planen skal det årleg utarbeidast ein tiltaksplan.



7. Tilskott og vilkår for restaurering og skjøtsel av tiltak

Ferdselsveg

Det skal etablerast skriftleg avtale med varighet 5-10 år.

Stiane skal merkast med skilt og informasjonstavler og kan merkast på offentlege kart. Arbeid med etablering av stiane og vedlikehald skal gjennomførast av Farsund kommune. Dette kan omfatte etablering av parkeringsplass, grunder, gjerdeklyv, drenering, skilting, rydding m.m.

Anlegg av stiar skal finansierast av offentlege midlar.

Grunneigar/ drivar skal ha årleg betaling for vedlikehald og kompensasjon for ulempe. Den årlege betalinga er føreslått til ein fast sum på kr 500 pluss kr 6 pr. lengde meter, men totalt maks. kr 6 000.

For etablering av parkeringsplass på inntil 1 dekar skal årleg kompensasjon vera inntil kr 3 000 (verdi for 400 f.e.*3,6 kr/f.e. – mineralgjødsel 80 kg*3,9 kr/kg + kompensasjon for ulempe kr 1818).

Hogst og rydding for beite av sitkaskog og anna skog.

A. Innanfor Listastrendene landskapsvernområde

Grunneigar el. leigetakar kan søke om tilskott med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag. Normal finansiering vil vera inntil 70% av tilskottet frå UKL-midlar og inntil 30% av tilskottet frå Miljøvernmyndighetene.

B. Utanfor Listastrendene landskapsvernområde.

Grunneigar el. leigetakar kan søke om UKL-tilskott med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag.

C. Skogtype og godkjent tilskottsgrunnlag.

- For produksjonsskog kan maks.godkj. kostnadsoverslag settast til inntil kr 3 000 pr. da.
- For gjengroingsskog kan maks. godkjent kostnadsoverslag settast til inntil kr 5 000 pr. da.
- For leskog kan maks godkjent kostnadsoverslag settast til inntil kr 8 000 pr. da.
- Verdien av tømmer tilfaller grunneigar, levert bilvei/ riggplass for flising.

D. Hogst og rydding av enkeltstående tre

Grunneigar el. Leigetakar kan søke om UKL-tilskott med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. Unntaksvis kan det gis tilskott med inntil 100% når fjerning av uønska tre er svært viktig landskapsbildet.

Før avtale og løyving av tilskott føretar prosjektleiaren og skogbruksansvarleg i Farsund kommune ei synfaring av den omsøkte skogen og fastset skogstype og godkjent kostnadsoverslag.

Etter hogst og rydding for beite av sitkaskog m.m. er det eit vilkår at arealet skal ha eit høveleg beitetrykk frå 1. år etter rydding og i minimum 10 år. Leigetakar av areal må ha skriftleg avtale med grunneigar.

Permanente gjerder

Det kan gis tilskott til oppsetting av nytt gjerde og opprusting av det gamle gjerde både i innmark og utmark. Når tilskott er gitt, kan det ikkje gis nytt tilskott til gjerding av same strekninga før etter 10 år.

Skjøtsel av utmark/ kystlynghei

Det kan etablerast skriftleg avtale for skjøtsel av utmarka med varighet 5 år. Tilskott pr. dekar er føreslått til 20-30 kr.

Restaurering av steingardar.

Steingardane skal byggast opp att på same måte som dei tidlegare er bygd.

Det skal settast opp kostnadsoverslag av ein restaureringskyndig person.

Det kan gis tilskott med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. For steingardar som er viktige kulturlandskapselement, men som ikkje har praktisk nytte i dag, kan det gis inntil 100% tilskott.

Restaurering av bygningar

Restaurering skal skje etter dei prinsipp som kulturminneforvaltninga legg til grunn.

Det skal settast opp kostnadsoverslag av ein restaureringskyndig person.

Det kan gis tilskott med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag.

8. Kostnadsoverslag og budsjett

8.1 Restaurering – eingongskostnad (2016 - 2026)

Tiltak	Kostnad i kr pr. eining	Kostnad i kr	Tilskott i kr
Ferdselvegar • anleggskostnader til grindar, merking, mindre parkeringsplassar osv.	3turstiar * kr 10 000*10 år	300 000	300 000
Formidling • Informasjonstavler nye og fornying m.m	Kr 15 000* 10 år	150 000	150 000
Restaurering av Hervoll møller og Jøllebekken		200 000	200 000
Restaurering av steingjerde	200m *kr 2000*10 år	4 000 000	2 800 000
Restaurering av areal • Attgrodd kulturmark med lauvtre m.m • Plantefelt med sitkagran, rydding • Permanente gjerde inkludert	500da * kr 4000 350da *kr 3000	2 000 000 1 050 000	1 400 000 735 000
Restaurering av bygningar Fleire kan vera aktuelle		500 000	350 000
Kartlegging og skjøtselplanar		100 000	100 000
Sum			6 035 000

8.2 Årleg skjøtsel – årleg kostnad neste 10 år

Tiltak	Omfang/ kostnad i kr pr. eining	Tilskott i kr
Ferdselvegane Kompensasjon til grunneigarane Jølleheia, Penne – Sausebakk	3000 m *6kr (avrunda)	20 000
Skjøtsel av utmark Rudjordheia, Jølleheia, Hervoll og Skeibrokheia (for brenning m.m.) - Beitetilskott i innmark og utmark pr.: småfe/storfe	3000 da *30 kr RMP ¹	90 000
Artsrik slått og beitemark; - Årleg skjøtsel av Pennemarka	RMP ¹	
Årleg vedlikehald av: - gravminne/ buveggar/ bakkemurar	RMP ¹	
Årlege kulturarrangement Kulturarrangement m.m.		30 000
Administrasjon-arb.gruppe m.m.		20 000
Årleg		160 000
Sum årleg kostnad i 10 år	160 000 *10 år	1 600 000

¹ Regionalt miljøprogram

9. Finansiering og årleg behov for midlar

Dersom restaureringstiltaka skal gjennomførast i løpet av 10 år, blir årleg behov for midlar:

Tilskott til restaurering m.m. kr 6 035 000/ 10 år	= kr 603 500
Tilskott til årleg skjøtsel	= ” <u>160 000</u>
Årleg behov for milder	= <u>kr 763 500</u>

I tillegg til desse midla vil det bli arbeidd for å få midlar frå Kulturminnefondet, Vest-Agder Fylkeskommune m.fl. Vidare som vist i kostnadsoverslaga, forutset ein at RMP-midlar kan brukast i heile 10 års perioden.

10. Forvaltning og saksbehandling

Forskrift

Landbruks- og matdepartementet har utarbeidd forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap som er gjeldande frå 01.01.2017. Sjå vedlegg A.

Søknadsskjema

Det er utarbeidd søknadsskjema for Utvalt kulturlandskap, Vest-Lista. Sjå vedlegg B

Søknadsfrist

Det er Fylkesmannen som sett søknadsfrist og den vil normalt vera 1. juni. Fylkesmannen i samråd med arbeidsgruppa kan ta initiativ til tiltak uavhengig av søknadsfristen.

Løyvingsbrev og/ eller avtale

For restaureringstiltak, såkalla eingongstiltak, som tilskott til restaurering av steingard, bygningar, rydding av skog m. fl., vil Fylkesmannen normalt fatte vedtak med vilkår i eit løyvingsbrev.

For skjøtselstiltak som til dømes skjøtsel av kystlynghei, avtale om ferdsel på turstiar m.m. som skal rekke over mange år, vil det normalt bli brukt avtaleform i kombinasjon med løyvingsbrev for tilskottet.

Årleg rapport til direktorata.

Fylkesmannen skal årleg innan 15. januar utarbeide rapport med rekneskap om aktiviteten førre året og budsjett for komande år.



Kan lykka vera å bli eit utvalt kulturlandskap (2008) ?

Lykka er å vera eit utvalt kulturlandskap (2016) ?

Litteratur:

1. Kulturhistorisk veiviser "På tur i Lista landskapet", Solveig Egeland m.fl. 2005.
2. Kvernhus- Drift og funksjon, fylkesagronom Reidulf Gald, Fylkesmannen i Hordaland, 2003.

Vedlegg A

Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

Hjemmel: Fastsatt av Landbruks- og matdepartementet (LMD) med hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18 og Klima- og miljødepartementet (KLD) med hjemmel i Stortingets årlige budsjettvedtak for kap 1420 post 81 (ikke verdensarvområdene). LMD – hjemmel (budsjettvedtak) i jordbruksavtalen kap 1150 post 50.11 (Landbrukets utviklingsfond – LUF)

§ 1. *Formålet med ordningen*

Formålet med tilskudd til tiltak i verdensarvområder er å styrke landbruket i verdensarvområdene. Formålet med tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap er å bidra til å sikre verdier knyttet til biologisk mangfold, landskap, kulturminner og kulturmiljøer, herunder sikre langsiktig skjøtsel og drift.

§ 2. *Virkeområde* Forskriften gjelder for tiltak innenfor Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap slik disse er avgrenset i Naturbase.

§ 3. *Tildelingskriterier* Fylkesmannen kan innvilge tilskudd i samsvar med formålet med tilskuddsordningen, målsettinger i gjeldende planer for området og eventuelle avtaler mellom søker og Fylkesmannen. Det må foreligge skriftlig tillatelse fra grunneier og eventuelt rettighetshaver.

Fylkesmannen kan sette nærmere vilkår for innvilgelse av tilskudd til det enkelte tiltak.

§ 4. *Tiltak*

Tiltak som gis tilskudd skal være i samsvar med gjeldende planer. Slike tiltak kan være:

- restaurering og skjøtsel av arealer
- istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av bygninger og andre kulturminner
- nødvendig planlegging av tiltak
- tilrettelegging for ferdsel
- formidling
- andre tiltak som fremmer formålet med ordningen

§ 5. *Krav til søknad*

Fylkesmannen setter søknadsfrist. Søknad om tilskudd skal sendes Fylkesmannen. Søknad om tilskudd som gjelder engangstiltak skal inneholde en angivelse av området og en beskrivelse av tiltaket som skal gjennomføres. Søknaden skal også inneholde budsjett og gjennomføringsplan. Utkast 8. februar 2016 – Omforent KLD og LMD

Dersom søknaden bygger på inngåtte avtaler mellom Fylkesmannen og søker, skal innholdet i avtalen framgå av søknaden.

Fylkesmannen kan sette krav om at det benyttes søknadsskjema og sette ytterligere krav til innhold i søknad.

§ 6. *Frist for gjennomføring*

Frist for gjennomføring av engangstiltak er 3 år fra tilskudd ble innvilget, med mindre fylkesmannen har satt en kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Fylkesmannen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikke ut over 5 år fra tilskuddet ble innvilget.

§ 7. Utbetaling av tilskudd og krav om rapportering

For engangstiltak utbetales innvilget tilskudd etter skriftlig anmodning fra søker når Fylkesmannen har godkjent sluttregnskapet. Det kan likevel foretas utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter hvert som deler av tiltaket utføres. Minst 25 % av tilskuddet holdes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent.

Mottaker av tilskudd skal levere sluttrapport og sluttregnskap til Fylkesmannen innen fristen fastsatt i vedtaksbrevet om tildeling av tilskudd. Nærmere krav om rapportering kan gis i vedtaksbrevet.

§ 8. Klage

Vedtak fattet av fylkesmannen kan påklages til Landbruksdirektoratet etter reglene i lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap. VI.

Klagen forelegges Miljødirektoratet og Riksantikvaren for eventuell uttalelse før vedtak treffes.

§ 9. Opplysningsplikt og kontroll

Søker av tilskudd plikter å gi alle opplysninger som fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finner nødvendig for å kunne forvalte ordningen.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at utbetaling av tilskudd er i tråd med forutsetningene. Søker plikter å utlevere all bokføring, korrespondanse og opptegetninger som vedkommer tilskuddet. Kontroll kan foretas stedlig.

Søker av tilskudd plikter å gi alle opplysninger som fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet finner nødvendig for å kunne kontrollere at bruken av tilskuddsmidlene er i tråd med forutsetningene.

Søker plikter å utlevere all bokføring, korrespondanse og opptegetninger som vedkommer tilskuddet. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan foreta stedlig kontroll.

§ 10. Omgjøring og tilbakebetaling

Tilskudd som ikke er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan kreves tilbakebetalt.

Vedtak om innvilget tilskudd kan omgjøres og utbetalt tilskudd kan kreves tilbakebetalt dersom det avdekkes forhold som er i strid med det som er forutsatt ved innvilgning av tilskuddet. Utkast

8. februar 2016 – Omforent KLD og LMD

For tilbakebetalingskrav kan det kreves renter når kravet ikke innfris ved forfall. Størrelsen på renten følger rentesatsen fastsatt med hjemmel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

§ 11. Ikraftsetting

Forskriften trer i kraft 01.01.2017.

Vedlegg B



Søknad om tilskudd til tiltak i utvalgt kulturlandskap Vest-Lista

1. Grunnopplysninger			
Organisasjonsnummer		Foretakets navn	Kontonr.
Etternavn		For- og mellomnavn	
Adresse		Postnr.	Poststed
Telefonnr./ mobiltelefonnr		E-postadresse	
Kommunenr. 1003	Gårdsnr.	Bruksnr.	Registrert for merverdiavgift <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

2. Opplysninger om tiltaket/ prosjektet (du må fylle ut ett skjema pr. tiltak/ prosjekt)	
Det søkes om tilskudd til	
Restaurering av <input type="checkbox"/> Steingjerder <input type="checkbox"/> Bygninger <input type="checkbox"/> Hogst og rydding av sitkagran <input type="checkbox"/> Rydding av innmark el. utmark <input type="checkbox"/> Andre tiltak	Årlig skjøtsel, vedlikehold <input type="checkbox"/> Kystlynghei <input type="checkbox"/> Gml. Kulturmark <input type="checkbox"/> Turstier <input type="checkbox"/> Formidlingstiltak <input type="checkbox"/> Andre tiltak
Søknadstype <input type="checkbox"/> Hovedsøknad <input type="checkbox"/> Tilleggssøknad	Tiltakstype <input type="checkbox"/> Enkelttiltak <input type="checkbox"/> Fellestiltak
Kort om formålet og beskrivelse av tiltaket	
Når er tiltaket/ prosjektet planlagt ferdig?	

3. Kostnadsoverslag			
Kostnadsoverslag inkluderer egeninnsats, men det skal ikke føres mva på eget arbeid. Mva skal ikke tas med hvis utøver er registrert for mva. Bruk eget vedlegg om behov for mer plass.			
Materialer og tjenester	Kostnad	Mva	Totalt
Arbeid (angi antall timer med timesats for eget arbeid)			
Sum			

4. Finansieringsplan	
Tilskudd, søknadssum	
Eget arbeid	
Egen finansiering	
Annen finansiering	
Sum	

5. Vedlegg til søknaden (kryss av for vedlegg)
<input type="checkbox"/> Plan, kart eller kostnadsoverslag m.v.
<input type="checkbox"/> Annet

6. Søkerens merknader og underskrift	
<p>Jeg er ansvarlig for og godtar å:</p> <ul style="list-style-type: none"> - gjøre meg kjent med forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, og andre aktuelle lover og regler i tilknytning til prosjektet/tiltaket, - gi fullstendige og korrekte opplysninger i søknaden, inkl. aktuelle vedlegg, - gi nødvendige opplysninger til fylkesmannen som grunnlag for behandling av søknaden, utbetaling av tilskudd eller i forbindelse med kontrolltiltak, - dokumentere alle kostnader tilknyttet prosjektet/tiltaket som det søkes om tilskudd til, - dokumentere kontakt med kulturminne-/miljøforvaltningen i de tilfellene det er aktuelt, - gjennomføre prosjektet/tiltaket innen arbeidsfristens utløp, - skriftlig anmode kommunen om utbetaling av tilskudd innen arbeidsfristens utløp, - betale tilbake tilskudd, helt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med forutsetningene for innvilgning av tilskudd. <p>Opplysninger i denne søknaden, inkludert vedlegg, er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mulig. Jeg er kjent med at jeg kan komme i straffeansvar om jeg gir uriktige eller ufullstendige opplysninger.</p>	
Merknader	
Sted og dato	Underskrift

Vedlegg C

Forslag til avtale om forvaltning av område som inngår i utvalgt kulturlandskap i jordbruket, Vest-Lista

Avtaleparter

Mellom staten ved Fylkesmannen i Vest-Agder, heretter kalt staten og grunneier(ne) av gnr ... bnr... i Farsund kommune, heretter kalt grunneier(ne):

Navn Fødselsdato/ organisasjonsnummer

.....

.....

Er det inngått følgende avtale:

§ 1. Opprettelse av område og formål

Avtalen gjelder eiendom(mene) ... i gnr bnr....

Formålet med avtalen er å ivareta de verdiene som begrunner at området inngår i ”Utvalgte kulturlandskap i jordbruket”, og å sikre en særskilt og langsiktig forvaltning av området. Området og mål for forvaltningen av området er nærmere beskrevet i Forvaltningsplan for Vest-Lista.

§ 2. Avtaletiden

Alt. 1 Avtalen gjelder i 10 år fra....

Alt 2. Avtalen gjelder fra

§ 3. Skjøtsel, restaurering og vedlikehold av området/ objektet

Grunneier(ne) skal utføre følgende tiltak i henhold til skjøtsel, restaurerings eller vedlikeholdsplaner:

Partene har i samarbeid utarbeidet skjøtsel, restaurering eller vedlikeholdsplanene som er en del av denne avtalen, se vedlegg 1. Partene skal i samarbeid oppdatere/ justere disse planene når det er faglige eller praktiske behov. Partene forplikter seg til å følge de til enhver tid siste oppdaterte planene.

§ 4. Godtgjørelse

Godtgjørelse etter denne avtalen skal tas fra midler bevilget til dette formålet over statsbudsjettet.

Alt. 1: Som godtgjørelse for tiltakene etter avtalen § 3 skal grunneier(ne) motta kr årlig

Alt. 2: For restaurering/ engangsinvesteringer utbetales kr

Alt. 3: For skjøtsel/ ulempe utbetales kr pr. dyr/dekar/ lengde meter opptil

Alt. 4: I tillegg utbetales et grunnbeløp på kr

Ved restaurering/ engangstilskudd kan det delutbetales inntil 75% av tilskuddet på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter hvert som deler av tiltaket gjennomføres.

§ 5. Rapportering og kontroll

Grunneier(ne) skal hvert år levere skriftlig rapport til Fylkesmannen over gjennomførte tiltak. Staten kan kreve at tiltaket er gjennomført og kontrollert før godtgjørelse utbetales.

Godtgjørelse etter denne avtalen forvaltes i samsvar med ” Reglement for økonomistyring i staten”. Fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Riksrevisjonen har anledning til å foreta kontroll med at godtgjørelsen benyttes i samsvar med denne avtalen

§ 6. Avtalerevisjon

Alle avtalepartene kan ta initiativ til revisjon av avtalen.

Revisjon kan kreves dersom:

- Det skjer endringer som vesentlig påvirker verdiene i hele eller deler av det området som omfattes av denne avtalen
- Det skjer endringer som vesentlig påvirker verdiene og/ eller formålet i hele eller deler av det området som inngår i Utvalgte kulturlandskap
- Det gjøres vesentlige endringer i skjøtsels- eller vedlikeholdsplanene
- Det skjer vesentlig endringer i bevilgningene over statsbudsjettet

§ 7. Mislighold

Ved vesentlig mislighold kan avtalen heves og tilskudd kreves tilbakebetalt. Partene kan bli enige om at misligholdet rettes opp innen en avtalt frist.

§8 Oppsigelse og opphør

Avtalen kan sies opp med seks måneders varsel av hver av partene. Avtalepartene kan også bli enige om at avtalen skal opphøre.

Staten kan bare si opp avtalen hvis det foreligge mulighet for å kreve revisjon etter avtalens §6.

§ 9. Overdragelse

Ved overdragelse av eiendommen eller rettighet som omfattes av denne avtalen, har ny eier rett til å tre inn i avtalen

§ 10. Tvist

Tvist vedrørende denne avtalen skal søkes løst i minnelighet og deretter ved mekling. Dersom dette ikke fører fram, kan det tas ut søksmål.

Avtalen er utferdiget i to eksemplarer, hvorav partene beholder en hver.

Farsund

Grunneier(ne)

Fylkesmannen i Vest-Agder

Vedlegg: Restaurering, skjøtsel eller vedlikeholdsplan m. kart.

Formidlingsplan for utvalt kulturlandskap Vest-Lista

Innleiing:

Eit viktig mål for utvalt kulturlandskap, Vest-Lista er å synleggjere og formidle verdiane i dette kulturlandskapet.

Denne formidlingsplanen skal målrette, systematisera og kvalitetssikre dette arbeidet. Det er eit ønske at formidlinga skal nå ulike målgrupper og skape engasjement, dialog og tilhørighet for verdiane i det utvalte kulturlandskapet. Vidare skal formidlingsplanen bidra til verdiskaping.

Kven vil vi formidle til?

Gjennom planen er det ønskeleg å skapa ei breiast mulig kontaktflate. Viktige målgrupper er:

- + Barn og unge, skuleklassar
- + Lokalbefolkning, lag og foreiningar
- + Turistar
- + Politikarar, fagfolk
- + Næringsliv

Kva vil vi formidle?

- + Kva er eit kulturlandskap, og kva kjenneteiknar Vest-Lista
- + Jordbruksdrift; fiskarbonden, jordbruk før og no
- + Biologiske verdiar
 - + Kystlynghei - Jølleheia
 - + Artsrik slått og beitemark på Penne
 - + Planter i strandbeltet
- + Fornminne
 - + Sausebak
 - + Jærberget, helleristningar og hustuffer
 - + Gravrøyser, gravhaugar, bygdeborg
- + Kulturlandskapselement
 - + Steingardar
 - + Rydningsrøyser
- + Skilt med gardsnamn
- + Byggeskikk, klyngetun og rekketun
- + Bygningar
 - + Langhus på Penne, Hervoll, Rudjord m fl.
 - + Møller på Hervoll og Rudjord
 - + Pensjonatet med bryggerhus på Jøllestø
- + Hamner og fiske; Jøllestø, Snekkestø og Stavstø
 - + Sedefiske
- + Taresanking
- + Kjente personar
- + Krigsminne, Nordberg fort m.m.

Korleis skal vi formidle?

Formidlingsmåten skal ta omsyn til kven som er målgruppa. Aktuelle formidlingsmåtar er:

- ✚ Tilrettelegge for ferdselårer og parkeringsplassar
 - ✚ Nordberg – Stavstø
 - ✚ Jøllestø – Sausebak
 - ✚ Hervoll - Jølleheia – Håle
 - ✚ Penne - Jærberget
- ✚ Informasjonstavler og merking av ferdselsårer
- ✚ Guiding
 - ✚ Tilbud om guiding til organiserte grupper
- ✚ Arrangement
 - ✚ Årleg plan for ulike kulturarrangement, naturlos m.m.
- ✚ Kulturlandskapsutstilling
- ✚ Informasjons- og blest- materiell
 - ✚ Turguide: «På tur i Listalandskapet»
 - ✚ Brosjyre om UKL-Vest-Lista
 - ✚ Banner
 - ✚ T-skjorte
- ✚ Digital mobil fromidling
- ✚ Nettside
- ✚ Kurs
- ✚ Vurdere ulike nettløysingar

Aktørane

- ✚ Museet
- ✚ Kommunen
- ✚ Fylkesmannen
- ✚ Fylkeskommunen
- ✚ Grunneigarane
- ✚ Innbyggjarane generelt
- ✚ Lag og foreiningar
- ✚ Næringsliv

Tiltaksplan

Det skal årleg utarbeidast ein tiltaksplan for formidling.

